



Informasjon til hyttefolket vinteren 2010

Her kjem litt informasjon som me håpar er til nytte, sjå nedanfor og i vedlegga.

Treff for hyttefolk i Ål - tysdag 23. februar

Som i fjor ber me saman med kommunen inn til treff for hyttefolk i Ål. Dagen er tysdag 23. februar og tidspunktet er kl. 17.30 - ca 19.30. Sjå invitasjon m/ program vedlagt. Me håpar det passar for mange av dykk å delta !

Same kveld kl 20.00 er det konsert i storesalen i kulturhuset med Stein Torleif Bjella fra Ål. Han har bl.a. med Lars Håvard Haugen frå Hellbillies som gjesteartist. Verdt å få med seg !

Ål sitt aktivitetsprogram for vinteren - og vinterferien 2010

Me har samla informasjon om alt av aktivitetar i Ål vinterstid i ein eigen flyer. Der står det også om aktivitetar og arrangement som foregår spesielt i vinterferietida (18.02 - 07.03). Sjå flyer'n vedlagt. Den er og å finne hjå butikkar, overnattingsstader og turistinformasjon.

Ål med nye heimesider - www.al.no

Denne veka har Ål Utvikling AS/ Ål Turistinformasjon lansert nye heimesider for Ål. Adressa er som før www.al.no. Her er samla endå meir informasjon enn før om bl.a. aktivitetar, attraksjonar, arrangement og næringsliv i Ål. Ei av dei nye sidene heiter "*Ål som hyttekommune*" og der finn du div. informasjon som me meiner vil være interessant for hyttefolk. Både for dei som har hytte i Ål, og dei som vurderer å bli hytteigar i Ål. Denne sida finn du i venstremenyen under hovedpunktet "*Om Ål*". Eller du kan klikke [her](#).

Ål Bibliotek med nye og utvida opningstider

Frå 1. januar og utover vinteren/ våren har biblioteket ope alle kvardagar i tillegg til laurdag, Opningstidene er no slik: måndag / tysdag / onsdag kl. 11.00 – 19.00
torsdag kl. 13.00 – 19.00 / fredag kl. 11.00 – 15.00 / laurdag kl. 11.00 – 14.00

Weekend spesielt for hyttefolk i Ål Skisenter 12. - 14. mars

Ål Skisenter inviterer denne helga alle hytteigarar til ein weekend der du både får oppleve skiglede, lokal kultur og treffe ande hytteigarar . Utdrag frå programmet: Uformelt familierenn, gode tilbud i skiskulen og smak av Hallingkost. På Ål Skisenter si heimeside www.aalski.no finn du meir informasjon.

Me ynskjer alle fine vinterdagar på hytta i Ål no framover !

Med helsing
Ål Utvikling AS
Kari Grete Kleivstøl